

Fyr rett

Det er tryggast, billegast og varmast med rett fyring. Her er nokre råd.

Bruk alltid tørr ved. Det er mindre viktig kva type ved som blir brukt. Veden bør også vera kløyvd i stykke som ikkje er for store. Tverrsnittet bør vera om lag som botnen på ei lita brusflaske. Dette har med overflata som skal antenna å gjera. Ein kubbe som er kløyvd i fire delar har ei større overflate enn ein som er i eitt stykke. Di større overflate, jo meir effektivt brenn det.

Vidare bør bålet i omnen vera oppbygd før opptenning. D.v.s. med nokre gode kubbar i botnen, så ein tennbrikett eller to og litt småkløyvd ved på toppen. Når du no tenner på tennbriketten vil det ta fyr i den småkløyvde veden fyrst, byggja seg opp varme i omnen og vedkubbane nedst i bålet, før dei til slutt tek fyr. Då blir forbrenninga mest mogleg effektiv både for varme i rommet, og for miljøet. (utsleppa av uforbrende gassar og sotpartiklar blir minimerte)

Det er også viktig med luft

Ein omn som får for lite luft har dårleg verknad. Det er vanskeleg å få det til å brenna skikkeleg. I nye hus med ventilasjonsanlegg skal dette vera ivareteke, men eit godt råd er å hjelpe omnen i gang med å opna eit vindauga eller ei dør for å sleppa inn frisk luft. Dette vil gjelda både i nye og eldre hus. Det treng ikkje stå lenge ope. Det er ofte nok med eitt minutt eller to, men dette må prøvast i kvart hus for å finna det som passar.

Det er også uheldig med innretningar som kjøkkenventilator og liknande. Desse må ha luft, og tek det lettaste vegen. Dette vil påverka trekken negativt. Difor bør de unngå å bruka den samstundes som de skal fyra opp i vedomnen.

Har du ny omn?

Alle nyare vedomnar blir leverte med brukarretteiing. Det er nyttig å lesa denne